



# Skiltplan Flåm sentrum


## Generell informasjon


Adresse:	A-feltvegen, 5743 Flåm
Plassar mot avgift:	435
Plassar mot anna vilkår:	0
Reserverte plassar:	0
HC-plassar	17
Ladeplassar:	6

## Gjeldande område




## Skiltplan – område med kameraregistrering





**P**  
08-20  
Alle dagar  
mot avgift  
Gjeld og ♿

**P**  
♿  
Mot avgift








## Informasjonsskilt – område med kameraregistrering

### Parkeringsinformasjon

jf. Parkeringsforskriften av 18.03.2016

#### Føraren sine plikter

1. Parkering må skje i samsvar med oppmerking/skilting (§24, 1. ledd)
2. Avgift betalast på etterskot, basert på automatisk lesing av kjennemerke



3. Ved parkering i strid med føresegnene i forskrifta blir det normalt skrive ut kontrollsanksjon med beløp i samsvar med gjeldande forskrift. Feilparkerte køyretøy kan om nødvendig verte fjerna for eigaren/føraren sin rekning (§38).

Spørsmål om kontrollsanksjonar og fjerning av motorvogn kan rettast til parkeringsverksemda.

Klage på utskrive kontrollsanksjon eller påførte kostnadar ved fjerning kan rettast til verksemda innan 3 veker frå sanksjonsdatoen (§44). Meir informasjon og klageskjema er å finne på nettsida til verksemda ([www.aurland.kommune.no](http://www.aurland.kommune.no)).

#### Andre vilkår


- A. Det er parkering mot betaling i samsvar med skilting
- B. Taksten står på parkeringsautomaten
- C. Kjennemerket på bilen vert lest automatisk ved inn- og utkøyring. Det er ikkje nødvendig med billett.
- D. Betaling kan skje
  - på automat før utkøyring
  - på tilgjengelege nettsider innan 48 timar etter utkøyring
- E. Dersom ein ikkje betalar med ein av betalingsmåttane i punkt D, vert faktura tilsendt. Det vert lagt til faktureringsgebyr.
- F. Parkering er berre tillate med lovleg kjennemerke
- G. Stans/parkering utanfor merka plassar er ikkje tillate. Det er ikkje tillate å sette frå seg tilhengar eller anna.
- I. Reserverte plassar for ladbare køyretøy kan berre nyttast ved lading.
- J. Parkering og ferdsel skjer på eige ansvar. Verksemda er ikkje ansvarleg for tjuveri eller annan skade.
- K. Ferdsel i dette området gjer at vilkåra for området er akseptert.



#### **Parkeringsverksemd:**

Aurland kommune, teknisk etat    Vangen 1, 5745 Aurland    tlf. 57 63 29 00    org.nr 964 968 063



## Skiltplan – område med førehandsbetaling i automat





## Informasjonsskilt – område med førehandsbetaling i automat

### Informasjonsskilt

- jf. parkeringsforskriften av 18.03.2016

Førar sine pliktar:

1. Parkering må skje i samsvar med oppmerking/skilting (§24, 1.ledd)
2. På plassar med avgift må betaling skje med ein gong etter parkering (§31, 2. ledd). Vilkår for betaling er gjeve ved parkeringsautomat. Eventuell billett må plasserast godt synleg bak frontruta. Om motorvogna ikkje har frontrute, skal billetten plasserast godt synleg på ein anna plass (§31, 2. ledd). Det same gjeld ved krav om billett frå automat som gjev tidspunkt for når gratisparkering går ut (§24, 3. ledd).
3. Ved parkering på reservert plass må gyldig parkeringsløyve plasserast godt synleg bak frontruta (§31, 2. ledd). Dette gjeld også plassar reservert for forflyttingshemma med kommunal parkeringsløyve.



Forflyttingshemma med kommunalt parkeringsløyve  
parkerer gratis på dette området.

#### **Sanksjonar ved brot på førar sine pliktar**

Ved parkering i strid med bestemmingane i forskrifta, vert det normalt gjeve ein kontrollsanksjon på kr 660. For brot på vilkåra for parkering på plassar reservert for forflyttingshemma, er kontrollsanksjonen kr 990. Dersom det ikkje trekkast billett for tidsavgrensa gratisparkering, eller det utan løyve parkerast på plassar reservert for kunde, besøkande eller gjest, er kontrollsanksjonen kr 330 (§36). Feilparkerte køyretøy kan om nødvendig fjernast for eigar/førar si rekning (§36). Spørsmål knytt til kontrollsanksjonar og fjerning av motorvogn kan rettast til verksemda.

#### **Klage**

Utskrive kontrollsanksjon eller påførde kostnadar ved fjerning kan klagast på. Klage rettast til verksemda innan 3 veker frå dato for ilegging (§44). Meir informasjon og klageskjema finn de på [www.aurland.kommune.no](http://www.aurland.kommune.no)